



Hordaland fylkeskommune
Seksjon skule
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland Fylkeskommune

1 JUL 2015

Vår ref.: Dato:
134/15/301/tbh/hie/åkv 30.juni 2015

RAPPORT: MIDLAR TIL AUKA GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING.

Odda vidaregåande skule fekk i 2014-15 91 000,- til studieverkstad, der målet var auka gjennomføring i vidaregående opplæring.

Desse midlane, saman med midlar frå skulen, har vore nytta til studieverkstad for elevar i faga matematikk, naturfag, engelsk og norsk for minoritetsspråklege. Studieverkstaden er hovudsakleg eit tilbod for dei som «jaktar på 2-aren».

I starten av skuleåret gjennomførte skulen kartleggingsprøvar, som gav oss ein peikepinn på korleis kunnskapane til elevane var. Og dette bakgrunnsmateriellet, saman med lågt og/eller manglante karaktergrunnlag frå ungdomsskulen, gav grunnlag for kven som fekk tilbod om studieverkstad.

Til saman har 38 elevar fått tilbod om studieverkstad, der 8 valte å takka nei til tilboden. Mange av dei som takka ja, hadde og særslit oppmøte i matematikk. Dette viser igjen på resultata.

I 1.termin fekk 36 elevar karakteren 1. I 2.termin var talet 20 elevar. Mange av dei som takka ja til tilboden om studieverkstad, klarte å få karakteren 2 eller betre.

Hovudsakleg er det matematikkfaget som gjev dei største utfordringane. Me ser og at det er her elevane har minst motivasjon for å ta imot ekstra hjelp. Dette vert difor eit ekstra fokusområde neste skuleår.

Turid B. Hauso

Turid B. Hauso
fungerande rektor

Hildegunn Espe
elevinspektør
(sign.)